



DIMNA IL

Dimna

6065 Ulsteinvik

www.dimna.no

Innbyding til seriestemne på Høddvoll Stadion – etter koronaregler

Dimna IL inviterer til eit nytt seriestemne på Høddvoll Stadion i hht. friidrettsforbundet og helsedirektoratet sine koronaregler for friidrettsarrangement.

Det vil bli to arrangement på samme dag – laurdag 13. juni.

Arrangement 1 for aktive som er 13 år og eldre. Dette startar kl 12.00

Arrangement 2 for aktive mellom 10 og 12 år. Dette starta kl 15.00

Dei som skal delta på arrangement 2 kan ikkje møte opp på stadion før kl 15.

På grunn av gjeldande smittevernreglar så er det kun plass til 50 personar pr. arrangemnet.

Alle må sette seg inn i gjeldande smittevernreglar. Desse finner du på friidrett.no.

Sidan det er avgrensa plassar på arrangementet så må alle som vil delta melde seg på innan 10. juni. Påmeldinga kan bli stengt tidlegare om det blir fullt.

Påmelding i Minidrett eller Sportsadmin.

Det vil ikkje vere plass til publikum på tribuna. Trenarar og foreldre som ønsker adgang til tribuna eller stadion må derfor også melde seg på. Dei kan melde seg på via mail til: hatloy@hotmail.com. Dei får akkreditering om der er ledig plass på arrangementet. Men aktive utøvarar vert prioritert.

Det blir ikkje startkontingent eller premiering på stemnet.

Garderober vil ikkje vere tilgjengeleg.

Øvelsar:

13 år og eldre: 60 m, 100 m, 200 m, 400 m, 800 m, spyd, lengde, høgde og stav

10, 11 og 12 år: 60 m, 200 m, lengde, liten ball

Alle må ha med personlege spyd og stavar.

Tidsskjema og startlister vert lagt ut på vår nettside www.dimna.no fredag kveld.

Dersom du har spørsmål så ta kontakt med Arve Hatløy på tlf. 41476148.